



# TILSTANDSRAPPORT

FOR GRUNNSKULEN I VOSS HERAD, SKULEÅRET 2020/2021





# Føremål

- Fastsett i opplæringslova § 13-3e
- Føremålet med rapporten er å gje skuleeigar ein statusrapport på kvaliteten i tenesta som vert levert slik at skuleeigar har eit bevisst og kunnskapsbasert forståing av kvaliteten i grunnopplæringa.
- Rapporten skal som minimum omhandla læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.
- Rapporten freistar å gje eit reelt bilete og analyse av Vossaskulen slik resultata ligg føre i dag.
- Målet er kvalitetsutvikling og læring



# Rapporten freistar å gje eit statusbilete i Vossaskule på:

- Læringsresultat- i eit historisk og nasjonalt perspektiv
- Trivselsresultat – i eit historisk og nasjonalt perspektiv
- Skulebidragsindikatorar
- Grunnskulepoeng
- Bruk av ressursar til spesialpedagogisk hjelp
- Ei vurdering innanfor kvart område som skal gje eit breiare bilete og forståing av talmaterialet
- Målsettingar og utviklingsplanar for resultatforbetringar



# Funn i rapporten:

- Utviklingspotensiale knytt til læringsresultat og trivsel
- Ikkje vesentlege endringar i resultat på nasjonale prøvar sett opp mot året før, men under landsgjennomsnitt og fylkesgjennomsnitt
- Stor sprik mellom skulane
- Stort sprik innad på skulane
- Me ser at skulebidragsindikator-resultata i småskulen går ned, medan dei går opp på mellomsteget og ungdomssteget
- Me ser at me har ei auke i elevar som får tildelt spesialundervisning utan at ein ser effekten gjennom auka læringsresultat
- Enkelte skular har høge mobbetal



# Funn i rapporten- elevundersøkinga:

- Voss herad ligg under nasjonalt resultat på alle indikatorane
- På 10 trinn skårar ein samla sett lågare enn på 7. årssteg samanlikna med nasjonalt nivå
- Nokre skular har ei stor auke i tal elevar som ikkje opplever eit trygt skulemiljø.

## • Tiltak:

- Vossaskulen skal aktivt førebyggje og hindre mobbing
- Voss herad skal ha gode og trygge system for alle involverte partar i høve § 9a
- Alle tilsette skal agere i samsvar med aktivitetsplikta
- Grunnmuren for Vossaskulen skal vere ein viktig faktor i skulane sitt daglege virke
- Drøfting av resultat på den einskilde eining
- Deltaking i inkluderande skulemiljø for eit utval skular



# Nasjonale prøver

Formålet med nasjonale prøver å evaluera elevar sitt utbytte av opplæringa etter:

- 1.-4. klasse
- 5.-7. klasse
- 8. klasse

Elevane blir prøvd i lesing, engelsk og rekning



# Nasjonale prøver framhald:

- Vossaskulen skårar tilnærma likt i år som i fjor på 5. trinn
- Auke i skår på 8. og 9. trinn
- Under nasjonalt/fylkes nivå

## Tiltak/mål:

- Matematikk- skåre over nasjonalt nivå. Fleire elevar som skårar meistringsnivå 3 og 5
- Norsk/engelsk- implementering av leseplan i norsk, element her overført til engelskfaget.
- Skåre på nasjonalt nivå i 2023.
- Alle skular har etablert eit godt system for å fange opp elevar som ikkje fylgjer klassen sin progresjon
- Større fokus på det allmennpedagogiske tilbodet.



# Andre funn i rapporten:

- Nedgang i skulebidragsindikatorane på 1-4 trinn, men auke i 5.-7 og 8-9 trinn.
- Stor variasjon på grunnskulepoeng mellom skulane
- God gjennomføringsstatistikk 99,5 %
- Auke i tal elevar som mottek spesialundervisning
- Stor andel gutar som mottek spesialundervisning.

## Tiltak/mål:

Sikre ei kvalitativt likt tilbod på alle skulane i heradet

Sikre eit inkluderande miljø som bidreg til at fleire elevar får opplæring innanfor klassefelleskapet

Betra kartleggingsrutinar, tidlegare intervensering

Reduksjon av elevar som mottek spesialundervisning.





# Vossaskulen: Målsettingar og prioriteringar

- Vidare arbeid med Vossaskulen
- Sikre at skulane er like på det som er viktig å vere like på
- Deling av god praksis – felles satsingar og felles elev/verdisyn
- Felles praksis og metodikk på begynnarpplæring og felles leseplan for heradet
- Kontinuerleg felles arbeid for å betre det allmennpedagogiske tilbodet  
Fokus på livsmeistring, inkludering og tidleg innsats



# Tiltak:

- Implementering av leseplan med tydeleg progresjon og oppfølging
- Fokus på meistring og inkludering
- Etablering av grunnmuren- eit felles verdisyn og læringssyn i Vossaskulen
- Tidleg innsats og førebygging
- Digitalisering
- Vridning av ressursane til mindre spesialpedagogisk hjelp og meir tilpassing i eigen klasse slik at ein kan romme fleire elevar innanfor det ordinære klassefelleskapet
- Fokus på den einskilde elev si læring
- Innføring av startsamtale i 1. klasse
- Felles planverk og rutinar- utvikle Vossaskulen
- Sikre strategisk kvalitetsutvikling og forbetring på alle skular



# Kva ynskjer me av dykk som skuleeigar?

- Ein skuleeigar som er oppteken av skule og som er opptekne av at me leverer resultat i tråd med mandatet vårt.
- Ein aktiv skuleeigar som stiller krav, gjev retning og etterspør resultat
- Me treng at ei felles forståinga for kva som skapar kvalitet. Då treng me samarbeid og dialog.
- Me ynskjer oss ein skuleeigar som er i dialog om tiltak, prosjekt og økonomiske prioriteringar.



# Dialogmøte

- «Per kan ikkje lese- og dette er ordførar si skuld?» I ytterste konsekvens er det sant- Kva slags krav set dette til dei ulike partane og korleis kan me få til ei god samhandling? Gruppe 1, 2 og 3
- Kva er dei tre viktigaste tinga me må fokusere på i Vossaskulen for å heva kvaliteten? Gruppe 4 og 5
- Me ynskjer å få ein raud tråd gjennom frå politisk nivå til den einskilde skule. Kva arena/møtepunkt treng me for å få dette til og korleis kan me skape ei felles forståing om mandat og retning? Gruppe 6 og 7
- Diskuter påstanden: skal me få ned omfanget av spesialundervisning, må me styrkje ordinær undervisnings og tilpassa opplæring i klasserommet. Denne endringa krev auka ressursbruk i ein overgangsfase. Gruppe 8, 9 og 10